

Seterbrukaren

Nytt frå Norsk Seterkultur
Nummer 2 - juli 2000



Innhold:

Sluttrapport om norsk landbruk	s. 2
Drifta er avhengig av setra	s. 3
Kor gammal er seterdrifta?	s. 4
Te sæters? Te sæters!!	s. 4
Seterkalenderen	s. 5
Seter, sæter, stol	s. 6
Sommarfjøsdrift i Nordland	s. 6
Oppgjer med «Ås-standarden»	s. 7
ECEAT - Gront alternativ	s. 7
Seterliv	s. 8



Norsk
Seterkultur

Seterliv

Stillheten råder en midtsommerkveld
over setervollen her inne.
Nede i bygda er det dans og spell
og håp om en kjærest å finne.

Jeg sitter aleine og tenker så
mangt
her på steinen utenfor selet.
Blikket det skuer over blåner så
langt,
så stille det er inne i fjellet.

Kun bjella til Golin gir svake klunk
der hun ligger og jorter på vollen.
Bekken gir fra seg i blant noen
dunk
når værdraget kommer fra kollen.

Rugda, den pistrer som vanlig i
kveld
på sin faste rute over mogen.
Den har visst mer enn nok med
seg selv,
det haster med reir borti skogen.

Gjøken som gol så ivrig i dag
bakom fjøset, har tatt seg en
blund.
Jeg nyter det milde sommerdrag,
Å, for en herlig stund!

Primkjelen ligger blankskurt og fin
i gresset med bunnen i sky.
Glad jeg var heldig med primen
min,
snart blir det ysting på ny.

Rømmen var sur og feit nå i kveld,
ja, det smakte med ystingsoll.
Får kinne litt smør i morgen lell,
hvis jeg får tid etter tolv.

Det hender det kommer en gjest
eller to
som vil innom budeia en tur.
Da blir det trivelig i bua, kan du
tro,
jeg serverer det beste jeg har på
lur.

Her sitter jeg altså aleine i kveld
på selveste midtsommernatta.
Ikke en lyd av no' bæljespell,
bar kyr, to hester og katta.

Romantikk, sier mange, ja kan-
skje er det sant,
å bo her inne i fjellet en hel
sommer.
Men for meg er det her jeg livet
fant,
og ser fram til mange år som
kommer.

Jeg reiser meg opp og retter på
stakken,
ser månen som lyser så matt.
Samler det lange håret i nakken,
rusler barbeint inn, "Go natt"!

Av Synnøve Bergerud

SLUTTRAPPORT OM NORSK LANDBRUK?

"Blir Norges landbrukshistorie til
år 2000 sluttrapporten om norsk
landbruk, eller finst det lange liner
i mentalitet, i bruksmåtar og lands-
kap som også vil være etter vår
tid?", er spørsmålet Reidar Almås
reiser på eit større formidlingsse-
minar om Norges landbrukshisto-
rie 8.-9. september. Seminaret er
tenkt som eit møte mellom fag
og næring i samband med at
utarbeidinga av den første norske
landbrukshistoria er i gang. I pro-
grammet for seminaret finn vi ei
rekke sentrale historiske emne,
men og sekvensar der den framti-
dige utviklinga blir sett i eit histo-
risk ljós. Dette er både interessant
og viktig i ein situasjon der Stor-
tinget akkurat har fastlagt lang-
siktige mål for landbruket i land-
bruksmeldinga - og tett etter ved-
teke eit jordbruksoppgjer som har
skapt høgt støynivå både mellom
bøndene og i bygdene generelt.

Ein einskild jordbruksavtale
avgjer ikkje landbruket si framtid.
Men regjeringa og fleirtalet på
Stortinget har sett fart i omleg-
ginga av næringa, frå småskala
til industrilandbruk, frå mangfold til
einfald. Landbruket skal omstruk-
turerast! Regjeringa sto steilt i for-
handlingane, det vart brot - og i
Stortinget kunne Ap finne støtte
hjå Høgre og Fremskrittspartiet.
Situasjonen er full av paradoks.
Det har vore sagt at distrikts-
Arbeiderpartiet vann kampen om
landbruksmeldinga og innstillinga,
medan dei urbane sosialøkono-
mene i partiet vann oppgjøret!

For seterdifta isolert sett kan vi
notere ein auke på 1000 kroner i
tilskotet til setring. Det blir altså